



## TEMAGUDSTENESTE

1. Temagudsteneste kan følgja ordninga Preikegudsteneste eller Høgmesse eller Forenkla høgmesse.
2. Dersom ein ynskjer å gje ternagudstenesta ein eigen struktur, skal ein ta omsyn til følgjande:
  - a. Minst ei lesing frå Bibelen med preike/tekstutlegging og bøn skal alltid vera med.
  - b. Når det vert halde nattverd, skal ei av ordningane i «Gudstenester» nyttast.
  - c. Tekstar og innslag som vert brukte, må ikkje strida mot vedkjenning og ordningar i Den norske kyrkja.
3. Er det presten som tek initiativ til gudstenesta, skal han føreåt orientera soknerådet, også om programmet.
4. Når soknerådet tek initiativet, skal presten/prestane i kyrkjelyden orienterast like eins.